

DEN INTERNASJONALE

FOSSE

FESTIVALEN 2019



**DET
NORSKE
TEATRET**

6.-15. SEPTEMBER



FOSSÉ PÅ FEMTI MINUTT!

Er det mogleg å knekke Fosse-koden? Kor vanskeleg kan det eigentleg vere å bli verdskjend dramatar? Dette har vi bedt Det Andre Teatret utforske i ei improviserte hylling til Jon Fosse der dei finn på eit Fosse-stykke i farta. Heilt utan manus forsøker dei å lage eit stykke jubilanten sjølv kunne ha skrive - dersom han ikkje hadde viskelær til å rette opp feil og misforståingar, vel å merke.

Det Andre Teatret har i løpet av dei siste åra blitt eit av verdas leiande teater med fokus på improvisert teater, og spelar alt frå improviserte musikalar til improvisert Ibsen. Vi gler oss til å sjå dei ta fatt på Jon Fosse sine meisterverk!

Fosse på femti minutt er ein del av Den internasjonale Fossefestivalen som finn stad på Det Norske Teatret i september. Vil du få det med deg? Vi gir vekk 300 billetter til Fosse på femti minutt som kan hentast ut via nettsidene våre. Billettane er gratis, og det er førstemann til mølla.

Tid: 12. september kl. 22

Stad: Midtgolvet, Det Norske Teatret

Dørene opnar kl. 21, og baren vår er sjølv sagt open.

Dersom du vil kome i god Fosse-stemming før Det Andre Teatret set i gong kan vi anbefale å sjå gjestespelet *Draum om Hausten* frå Russland som spelar same kvelden på Hovudscenen kl. 19.30.





Foto: Sigrun Hayland Sævi

VEL MØTT TIL DEN INTERNASJONALE FOSSEFESTIVALEN!

At det går ein høgst levande nobelpriskandidat rundt i gatene i landet vårt er i seg sjølv verd ei feiring. At denne internasjonalt anerkjende forfatternen i haust fyller 60 år og at det er 25 år sidan debuten på teaterscenen, har fått Det Norske Teatret til å rydde scenane ved sesongstart.

Frå 6. til 15. september skal vi hylle den største dramatikaren landet har sett sidan Henrik Ibsen. Frå inn- og utland kjem det gjestespel, Det Norske Teatret har programmert alle 3 scenane med Fosses stykke, og i tillegg blir det foredrag, debattar, konsertar. Kort sagt – festival. Den internasjonale Fossefestivalen vil legge til rette for ikkje berre gode teateraugneblinkar, men også gi høve til å diskutere det moderne teateret og den moderne scenekunsten. Vi gler oss!


Erik Ulfsby
teatersjef

**DET
NORSKE
TEATRET**

ANSVARLEG UTGJEVAR
DET NORSKE TEATRET,
ERIK ULFSBY

REDAKTØR
GURO REDALEN

GRAFISK FORMGJEVAR
MAIKEN MATHISEN

REDAKSJONSADRESSE
DET NORSKE TEATRET
KRISTIAN IVS G. 8,
0164 OSLO

TRYKK 07 MEDIA
OPPLAG 26 000
FRAMSIDEFOTO
TOM A. KOLSTAD

SPONSORAR



BILLETTBESTILLING
DETNORSKETEATRET.NO
ELLER TLF. 22 42 43 44

FÅ TEATERINFO
MELD DEG PÅ NYHEITSBREVET
VÅRT! DETNORSKETEATRET.NO

FØLG OSS



FACEBOOK.COM/DETNORSKETEATRET
TWITTER: @DETNORSKETEATRET
INSTAGRAM: DETNORSKETEATRET



Foto: Tom A. Kolstad

DIKTAREN SOM FÅR DET TAUSE TIL Å TALE

Artikkelen er basert på eit opptak der Jon Fosse blir intervjuet av redaktør Cecilie Seiness.

Tekst: Inger Johanne Sæterbakk

– Dikting er fiksjon, eller løgn om du vil. Men du må lyge på ein sann måte. Målet mitt er alltid å skrive godt, sant og vakkert, seier Jon Fosse. Etter 40 år som diktar leitar han framleis etter dei augneblinkane der teksten byrjar å sveve.

Jon Fosse har 40 år bak seg som diktar, 25 år som dramatikar, og sanneleg fyller han sjølv 60 år i september. Jubilea blir feira med den første internasjonale Fossefestivalen på Det Norske Teatret, eit samarbeid mellom teateret og Fosse sitt forlag, Samlaget.

– Eg er takksam, og eg er vel stolt og kanskje, for at det skjer. Eg er ikkje glad i så mykje merksemd om meg personleg, men sjølv sagt vil eg gjerne ha merksemd om det eg har skrive. Det er no eingong det eg har brukt livet på. Noko av det får ein tru at er brukande. Og eg er iallfall veldig glad for at stykka mine lever såpass godt som dei gjer, seier Jon Fosse.

Tidleg i forfattarlivet sitt, lengje før han skulle debutere som dramatikar og bli den mest spelte norske dramatikaren etter Henrik Ibsen, stod Jon Fosse i kulissane på Hovudscenen

på Det Norske Teatret i lag med fleire andre nynorskforfattarar. Kanskje var det eit slags ansvar for nynorsken som kom over han og som sådde ein tanke om å skrive dramatikkk?

– Eg tenkte at ingen av oss har no skrive for teater, og så tenkte eg på historia til nynorsken. Kva har vi av dramatikkk? Jo, det er jo skrive ein god del stykke, men det er ingenting som lever bortsett frå Læraren av Arne Garborg. Heilt underleg. Det var liksom eit misforhold mellom huset og scenen og det ein hadde av nynorsk originalskrivne dramatikkk. Eg bestemte meg ikkje for å byrje å skrive

for teater der og då, men det slo meg iallfall som ein tanke at det trongst, seier Jon Fosse.

Eg hadde ingen ambisjonar den gongen om å skrive for teater. Det kom først seinare, då eg blei invitert til å skrive for ein konkurranse. Eg skreiv no desse første sidene, og kva eg skulle gjere med resten, det visste eg ikkje. Men då eg først hadde byrja, så opna det seg veldig, veldig fint, og eg skreiv på relativt kort tid, i eitt strekk, Nokon kjem til å kome-stykket mitt. Det var det aller første eg skreiv for scenen.

Ingen ambisjonar om å bli forfattar
Nokon kjem til å kome blei skriven i


1992 og 1993, og fekk urpremiere i 1996. Men allereie i 1983 debuterte Jon Fosse som romanforfattar. Då hadde han fleire år bak seg som journalist i nynorskavisa Gula Tidend i Bergen, der han jobba medan han fullførte ein cand.philol. på universitetet. Også i desse åra skreiv han.

– Eg hadde ikkje ambisjonar om å bli forfattar, og nokon karriereplan det har eg aldri hatt. Det som har skjedd, har skjedd. StudVest, studentavisa i Bergen skulle ha ein novellekonkurranse. Eg hugsar enno at eg sat på studentbyen i Bergen og skreiv den novella eg sende inn til konkurransen. Veldig mykje av det

eg seinare har skrive er alt med i den teksten. Situasjonen og repetisjonane. Namnet er ein klar parallell til den novella. Ja, så vann eg den konkurransen då, fortel Jon Fosse.

– Du må lyge sant

Han hadde ein plan om å skrive. Han skulle vere lokalavisjournalist på Vestlandet og skrive på nynorsk. Den måten Jon Fosse skriv på i dag ligg langt frå den røynda han formidla til lesarane av Gula Tidend på slutten av 70-talet og byrjinga av 80-talet. Å skrive nære opp til røynda er ikkje eit ideal for Fosse.



- 1 Mange blei urolige då erkevestlendingen Jon Fosse skulle bli nabo med kongen. Dette og meir til kan du lese om i *Grotten* som kjem ut i haust. 2 Scenebilde frå urpremieren av *Nokon kjem til å kome* på Det Norske Teatret i 1996. 3 Jan Grønli og Unn Vibeke Hol i *Nokon kjem til å kome* (1996). 4 Ragnhild Hilt som Ho, Svein Erik Brodal som Han i *RAMBUKU* (2006) av Jon Fosse.



Frå Ein sommars dag, spelt på Det Norske Teatret i 1999. Foto: Helle Bakke/DNT

– Det er vel og bra med eit språk som skal beskrive ein røyndom direkte. Men om diktekunsten skal ha nokon verdi, må han vere sannare enn den røyndomen du har akutt til stades, som du kan referere direkte til. Og for at du skal kome fram til den sanninga så må du få til å skrive på ein måte som gjer at det løftar seg. Du merkar når det skjer i skrivinga. Men det er veldig vanskeleg å seie kva det er. Du har jo ulike omgrep som ligg i nærleiken. Epifani for eksempel, openbering. Det var jo James Joyce som byrja å bruke det omgrepet i litteraturen. Desse intense momenta i eit dikt eller i ein roman der noko uforklarleg skjer. Du må kome dit. Du må kome

deg langt, langt vekk frå avskrift av røyndomen, for å seie det sånn. Det er det som gjer det verdt å halde på med det, seier Fosse.

Eit språk bakom språket

– Det som slo meg då eg skreiv Nokon kjem til å kome, var at på ein måte er det ikkje det du seier som er det som skal snakke, iallfall ikkje i mi dikting. Det er det som ikkje er sagt. Det er eit språk bak det språket som står skrive, og det er eigentleg språket bak som skal snakke. Då eg skreiv for teater opplevde eg at det var mykje lettare å få det tause språket til å snakke, gjennom å bruke pausar og avbrotne setningar. Det er

veldig viktig for meg når eg skriv om det er pause, lang pause, kort pause eller ganske kort pause. For å få språket bak til å bli nærverande på ein eller annan måte. Og det var jo så lett då eg byrja å skrive dramatik, å få det tause til å tale. Mykje lettare enn når du skriv prosa eller lyrikk, som eg til då hadde skrive, fortel Jon Fosse.

**«Du kan ikkje lyge
som dramatkar.
Alt er heilt
gjennomsiktig.»**

Sjølvs om det sat langt inne for han å bli dramatar, dei første førespurnadene om å skrive for teater takka han nei til, så har Jon Fosse seinare omtala det å byrje å skrive dramatik som den største openberringa i forfattarlivet hans.

– Du kan ikkje lyge som dramatar. Alt er heilt gjennomsiktig. Dikt kan du gjere så vanskeleg du vil, eller du kan konstruere i romanar. Du kan lyge på feil måte, for å seie det sann, på uendeleg mange måtar. Det kan du ikkje i teatertekst. Det er heilt gjennomsiktig. Ein god teatertekst er iallfall det. I gode produksjonar i teateret kan du få svevet. Du kan få desse svevaugneblinkane som iallfall mi diktning leitar etter. Du kan ikkje styre det. Det kjem eller så kjem det ikkje, både i skrivning og på scenen. Men av og til så er jo desse magiske augneblinkane der på teater, og det er jo dei, har eg tenkt, som gjer at det er mykje verd. Teater kan vere ganske keisamt og eit bask for alle, både i sal og på scene. Men så av og til skjer det der då. Det er eit ungarsk uttrykk for det, at «då går det ein engel gjennom scenen.» Det er ei god skildring av det

som skjer i dei forklåra augneblinkane då ein skjonar mykje meir enn ein eigentleg skjonar utan at ein kan setje ord på det. Og prøver ein å setje ord på det, så forsvinn det sjølvsgagt.

Kva no, Jon Fosse?

I dag er Jon Fosse omsett til meir enn 40 språk. Katalogen hans viser 6 bøker med prosa, 10 diktsamlingar, 2 essaysamlingar, 9 barnebøker og han har dessutan hatt premiere på 28 skodespel og 8 kortare stykke. Teaterstykkane hans er sett opp over 1000 gonger i heile verda, han har fått mange viktige prisar for diktinga si, og han bur i statens æresbustad Grotten ved Slottet i Oslo. Han har skrive i 40 år. Kva no?

– Kva skal eg elles gjere enn å skrive? Det er no det eg har gjort, og viss eg framleis skal gjere noko, er det no berre å halde fram. Eg kan ta pausar og sånn, men det har vore ei slags sjølvbehandling å skrive. Sjølvs om det eg skriv ikkje handlar om meg eller det som plagar meg, sjølvs om det òg gjer det på eitt eller anna vis. Men transformert. Eg skreiv nok kanskje for mange stykke i si tid, det kan godt vere. Eg er no så arrogant at eg vil

seie at ingen av dei er direkte dårlege. Men det kjem eg ikkje til å gjere om igjen. Eg hadde på ein måte bestemt meg at dette var ein raptus. Eg skulle la det eine stykket ta det andre, skulle la det rulle og gå. Og så skulle han vare eit visst tal år, og så skulle eg slutte og gjere andre ting. Og det gjorde eg òg. Då eg gav meg med å skrive for teater, då skreiv eg Trilogien. Og ei diktsamling og to har også kome ut, og så har eg omsett for teater og halde kontakten på den måten fram til no, fortel Fosse


– Og så tenkte eg at eg skulle skrive det motsette av dramatik. For dramatikken, iallfall min, krev ikkje så mykje intensitet i seg, det trengst ikkje så mykje action. Litt må det vere, for å få ein slags struktur på eit stykke. Det må vere mykje indre dramatik om det ikkje er så mykje ytre dramatik. Konsentrert, som eit dikt. Eit teaterstykke er eit utstrekt dikt for meg.

ÆRESBUSTADEN GROTTEN

I 2011 flytta Fosse inn i Grotten, eit hus brukt av den norske staten som æresbustad for kunstnarar. Men visste du at Grotten er rekna som Noregs første sveitserhus? Huset ligg vent til på ein fjellknaus i utkanten av Slottsparken i Oslo sentrum med adresse Wergelandsveien 2. Bygningen er eit lafta og panelt tømmerhus frå 1841, reist av Henrik Wergeland. Tomta hadde opphavleg vore ein del av den opne Bymarka. Den 17. mai 1841 stod huset ferdig, og Henrik Wergeland og kona Amalie Sofie flytta inn, saman med mellom andre hesten Veslebrunen og kråka Kari.

Området blei kalla Grønneberggløkka, og skrenten som eigedommen no har namn etter, blei kalla Skredderkneika. Her var det teke ut bruleggsstein til gatene i byen og til Slottsplassen, og det hadde skapt den djupe kløfta. I staden for å fylle ho igjen bygde Wergeland ein portal og ein terrasse over, slik at det verkeleg blei ei grotte. Wergeland brukte grotta under huset som utstillingsstad for alle moglege raritetar han samla. I dag står det ei byste av Wergeland i Grotten, som er open for publikum 17. mai.

Sidan 1922 har Grotten vore staten sin æresbustad for fortente kunstnarar, og tidlegare har komponisten Christian Sinding, diktaren Arnulf Øverland og komponisten Arne Nordheim budd her. Mange blei urolige då erkevestlendingen Jon Fosse skulle bli nabo med kongen. Vile han bli ein annan no, langt borte frå vestlandske fjordarmar og duskregn? Dette og meir til kan du lese om i boka *Grotten* av Ingvild Bræin, som kjem ut på Samlaget i haust.



Ut i verda

I 1997, same året som *Natta syng sine songar* hadde urpremiere, reiste eit Fosse-stykke utanlands for første gong. To år seinare stod Fosse framfor det store internasjonale gjennombrøtet. Då blei *Nokon kjem til å kome* sett opp i Nanterre like utanfor Paris. Regissøren var den verdskjende og legendariske Claude Régy. Den oppsetjinga la grunnlaget for Fosses store gjennombrøt i Europa.



Foto: Søren Høyland Sæter

Nokon kjem til å kome

Nokon kjem til å kome var det første dramatiske verket Jon Fosse skreiv. Det var ferdig i 1992, men likevel skulle det gå nokre år før det blei oppført. Stykket fekk urpremiere på Det Norske Teatret i 1996. Produksjonen var den tredje oppsetjinga av eit Fosse-stykke, etter *Og aldri skal vi skiljast* (Den Nationale Scene i 1994) og *Namnet* (Den Nationale Scene i 1995), begge i regi av Kai Johnsen.

Johnsen er den som har fått mykje av æra for å ha «oppdaga» dramatikaren i Fosse, og han har regissert urpremier på 12 av stykka hans, tre av dei på Den Nationale Scene. Med *Nokon kjem til å kome*, som har premiere på Scene 2 den 7. september, returnerer Johnsen til opphavet for det omfattande samarbeidet.

Få 30 % avslag med festivalpris!

Kjøp billetter i perioden 23. august til 2. september med kampanjekoden **FOSSE2019** og få 30 % avslag på ordnærpris. Gjeld alle framsyningar på Det Norske Teatret i festivalperioden 6. – 15. september.

Les meir om framsyningane og kjøp billetter på www.detnorsketeatret.no

Inspirert av Fosse

Fleire norske forfattarar har late seg inspirere av Jon Fosse. Agnes Ravatn fortalde i eit intervju med NRK i 2015 at ho nok har henta inspirasjon frå teaterstykket *Nokon kjem til å kome* i arbeid med sin eigen roman.

«Medvite eller umedvite trur eg nok at stykket var inspirasjon for romanen *min Fugletribunalet*, og at eg prøvde å gjenskape noko av den same uroa og klaustrofobien. Og ikkje minst utforske vidare spørsmålet om det går an å starte heilt på nytt og leve skjerna for omverda.»



Foto: Gullik Østby

Sandra Kolstad syng Fosse

I 2018 komponerte popartist og komponist Sandra Kolstad eit bestillingsverk til Samlagets 150-årsjubileum. Ho valde å tonesette tolv dikt av Jon Fosse, som no blir gitt ut i samband med festivalen. Bli med på feiringa av plata og Jon Fosse denne kvelden på teateret! Songar frå plata blir framført av Sandra Kolstad med gjestar.

13. september kl. 22.30 i Bikuben



Foto: Tore Richard



Foto: Silje Fugstad

Leve hemmeleg

Trine Wiggen har regien på *Leve hemmeleg*, som er stykke henta frå ein serie Jon Fosse har kalla *Kortare stykke*. Nokre har vore framførte tidlegare, andre har aldri vore spelte.

«Eg synest det er noko fritt i denne teksten som gjer at eg les dei andre stykka annleis. Det er ikkje nokon indre samanheng, og dei femner vidt tematisk. Det er ikkje ei historie der det eine følgjer naturleg av det andre», seier Trine Wiggen.

Leve hemmeleg har premiere på Scene 3
8. september.




Foto: Tom A. Kolstad

Jon Fosse

Jon Fosse er forfattar, dramatikar og omsetjar, ei særmerkt røyst i ny norsk litteratur og mellom dei mest spelte nolevande dramatikarane i verda. Tekstane hans er omsette til over 50 språk, og skodespela er sette opp over tusen gonger over heile verda.

Fosse debuterte som skjønnlitterær forfattar med romanen *Raudt, svart* i 1983, og seinare kom det fleire romanar, diktsamlingar og etter kvart barnebøker og essaysamlingar. Til saman har Fosse gjeve ut 16 bøker med prosa, 10 diktsamlingar, 2 essaysamlingar, 9 barnebøker, og dessutan har han hatt premiere på 28 skodespel og 8 kortare stykke.

SIDEPROGRAM

Gratis og ope for alle

EIN SAMTALE MED LUK PERCEVAL

Laurdag 07.09 kl. 14.00–15.00
Bikuben

Korleis kan tre romanar, hylla for sine sterke kvalitetar som nettopp romanar, finne vegen til teaterscenen? I ein samtale med Luk Perceval, regissør på *Trilogien*, diskuterast vegar inn til dramatikken. Kva slags utfordringar møter ein regissør i arbeidet med ein så viktig, ja nesten heilag tekst? Og finst det ein teatral klangbotn i alt Fosse skriv?

FOSSE-KODEN

Søndag 08.09 kl. 14.00–15.00
Bikuben

Kan ein snakka om ein Fosse-kode? Kva er det nye Jon Fosse har skrivne inn i verda? Utvidar han verda, får han oss til å sjå noko nytt eller noko anna? Kva er det særprege for Jon Fosses univers? Korleis verkar det på lesarane og sjåarane? Kva er høgdepunkta i forfattarskapen?

Karin Haugen leier samtalen.
Med: Ruth Lillegraven, Marta Norheim og Anne Marit Jacobsen.

DEI GODE HJELPARANE

Onsdag 11.09 kl. 18.00–19.00
Bikuben

Jon Fosses dramatik er spelt over heile verda. Men litteraturen har hatt gode hjelparar på vegen. Utan agentar og omsetjarar kan ikkje litteratur reise. I denne samtalen får vi historia om korleis både Fosses dramatik og prosa har farta rundt i verda, med Tyskland som eit særskilt døme.

Cecilie Seiness leier samtalen.
Med: Berit Gullberg, Hinrich Schmidt-Henkel og Gina Winje.



Belgisk regissør set opp Trilogien

«Fosse er unik fordi han har skapt eit språk for dei usagte orda», seier den belgiske regissøren Luk Perceval. Ifølgje Jon Fosse er oppsetjinga regissør Luk Perceval gjorde av *Draum om hausten* i München (2002), ei av dei beste oppsetjingane han har sett av stykka sine.

Perceval har regien på Trilogien som har premiere 6. september og opnar Den internasjonale Fossefestivalen.

FO SSE I VERDA

Torsdag 12.09 kl. 18.00–19.00
Bikuben

Jon Fosse er ein av vår tids viktigaste dramatikarar. Sidan han debuterte i 1994, har stykka hans blitt oppførte verda over, og omsette til meir enn 40 språk. Kva for kvalitetar er det som tiltrekker regissørar frå så ulike land og teaterkulturar som Skandinavia, Russland og Japan? Svenske Kia Berglund sette opp Fosse lenge før han blei eit verdsnamn, mens russiske Jurij Butusov og japanske Motoi Miura vil snakke om sin personlege og kulturelle inngang til å setje opp Fosses dramatikkk.

Therese Bjørneboe leier samtalen.
Med: Kia Berglund, Juri Butusov og Motoi Miura.

EIN SAMTALE OM TRILOGIEN

Laurdag 14.09 kl. 14.30–15.30
Bikuben

Jon Fosse blei i 2015 tildelt Nordisk råds litteraturpris for *Trilogien*. Verket er sett saman av tre delar, *Andvake* 2007, *Olavs draumar* 2012 og *Kveldsvævd* 2014. Korleis kan ein lese dette verket? Kva er det Fosse gjer i denne teksten og korleis plasserer teksten seg i Fosses litteratur? Forfattaren har meisla ut ei eiga litterær form, heitte det i grunngevinga då Fosse fekk litteraturprisen. Kva er den særreigne forma? *Trilogien* er no sett opp som teater. Kva er dei dramatiske kvalitetane i verket?

Cecilie Seiness leier samtalen.
Med: Knut Hoem, Solrun Toft Iversen og Tom Egil Hverven.

KVA ELLER KVEN KJEM TIL Å KOME?

Fredag 13.09 kl. 13.30–15.30
Bikuben

Diskusjon om kva som kjem etter Jon Fosse i dramatikken. Ulike synspunkt blir drøfta: Er den klassiske dramatikken kome til endes, eller er det som veks fram, ei radikal ny byrjing? Er det det postdramatiske som tek over? Er karakterar, handling og dialog fortidas tankemåte i teateret, eller er det slik at desse verkemidla finn seg sjølv igjen og står fram på nye måtar? Greier vi i det heile teke å tenkje oss teater utan desse kategoriane?

Carl Morten Amundsen leier samtalen.
Med: Thomas Oberender, Christian Lollike, Laurent Chétouane m. fl.

Samtalen vil vere på engelsk



Dramaverkstad for ungdom

I høve Fossefestivalen arrangerer vi dramaverkstad for ungdom med utgangspunkt i Jon Fosses tekst *Nokon kjem til å kome*.

Deltakarane får lese, skrive, dramatisere og spele. Til slutt blir det ei uformell visning. Som ein del av opplegget vil deltakarane få sjå teaterets versjon av *Nokon kjem til å kome* torsdag 12. september.

Alder: 13-20 år.

Verkstad laurdag 14. og søndag 15. september

Finn meir info og kjøp billett på detnorsketeatret.no

Medverkande: Gjertrud Jynge, Madalena Sousa Helly-Hansen, Christian Ruud Kallum, Jon Bleiklie Devik, Lasse Kolsrud, Marianne Krogh, Julie Moe Sandø og Unn Vibeke Hol.



Foto: Eirik Malmø

TRIOLOGIEN

av Jon Fosse • Premiere 6. september på Hovudscenen

Ein kjærleikstrilogi mellom svevn, draum og vaken tilstand. Huslause og svevnlause vandrar den høggravide Alida og barnefaren Asle rundt i det regntunge Bjørgvin. Dei har måtta forlate heimbygda, og no er tida for at ho skal føde komen, men ingen vil gje dei husrom. I desperasjon tyr det unge paret til drastiske løysingar, som dei seinare blir stilte til ansvar for.

Andvake (2007), *Olavs draumar* (2012) og *Kveldsvævd* (2014) er bøkene i *Trilogien*. *Andvake* tyder svevnlaus, *Kveldsvævd* trøytt om kvelden, og i grenselandet mellom svevn, draum og vaken tilstand blir trådane i historia om Alida og Asle vovne saman. Røyndom flyt over i draum, fortid blir notid og framtida anar vi kanskje, eller kanskje ikkje.

Jon Fosse blei i 2015 tildelt Nordisk Råds litteraturpris for Trilogien.

«Årets prisvinner er et sjeldent godt eksempel på hvordan formmessig nyskapning kan gå hånd i hånd med et innhold som evner å berøre på tvers av tid og sted. I en prosa med klare poetiske kvaliteter og med en bevisst og lekende innstilling til historien, fortelles en kjærlighetshistorie som spenner over alle og ingen tider. Forfatteren har som få andre evnet å meisle ut en egen litterær form. Klangbunn fra Bibelen og kristen visjonsdiktning forenes med spenningsskapende elementer og poetiske bilder, på en måte som åpner fortellingen om to som elsker hverandre, mot verden og historien.»

Grunngevinga til juryen, Nordisk Råds litteraturpris 2015

Medverkande: Joachim Rafaelsen, Birgitte Larsen og Ola G. Furuset



Foto: Eirik Malmo

NOKON KJEM TIL Å KOME

av Jon Fosse • Premiere 7. september på Scene 2

Kan ein isolere seg frå verda, er tosemda eit reelt

alternativ? Han og Ho flyttar til eit gammalt hus ved havet for å vere heilt åleine – saman. Men huset har ei historie, nokon har budd der før. Snart dukkar mannen som selde det opp, og den tosame einsemda blir forstyrra. Dette er det første stykket Jon Fosse skreiv, og det blei uroppført i 1992.

Det var ferdig i 1992, men likevel skulle det gå nokre år før det blei oppført. Stykket fekk urpremiere på Det Norske Teatret i 1996. Teatersjef Otto Homlung hadde regien på det som skulle innleie eit tett samarbeid mellom Det Norske Teatret og dramatikaren Fosse. Produksjonen var den tredje oppsetjinga av eit Fossestykke, etter *Og aldri skal vi skiljast* (Den Nationale Scene i 1994) og *Namnet* (Den Nationale Scene i 1995), begge i regi av Kai Johnsen.

Kai Johnsen meiner Fosse har kopla folkekomedien med noko djupt eksistensielt i dette stykket.

– *Nokon kjem til å kome er eit fantastisk stykke. Det syner fram alle menneskelege feil og brester, på ein storslagen og gripande måte. Vi menneske ber på dei same draumane, ikkje minst i ein ideologilaus og sekularisert verd. Paret i stykket vil vere oppslukt av kjærleiken. Dei brenn alle bruer, drar frå byen, kuttar banda til alt, i håp om å finne saman i tosemda. Det er ein utopi og det er på grensa til det latterlege. Det handlar om lengsel, eigetrong, om sjalusi og ein strutsete måte å rette seg etter omverda. Men det dei kjenner er vakkert, dei er spontane og dei er forelska. Stykket er på den eine sida som ei bergensk skillingsvise – om paret frå byen som reiser ut på landet og blir bedratt og lurt på alle vis. Samtidig er det ein form for mytisk ur-reise gjennom skjærselden. Og det handlar kanskje om korleis vi prøver å skape og halde fast ved eit slags utvida evig no. Det er morosamt og det er gripande. Eit slags møte mellom det heroiske, det autentiske og det fjollete, seier Kai Johnsen.*

– *Det er verken tragedie eller komedie, men kanskje båe delar.*

Medverkande: Hildegun Riise, Ingrid Jørgensen Dragland, Heidi Gjermundsen Broch, Gina Berhoft Gørvel, Morten Svartveit, Per Schaanning og Gard Skagestad.



Foto: Eirik Malmø

LEVE HEMMELEG

av Jon Fosse • Premiere 8. september på Scene 3

Kvifor er vi her, og kva er eigentleg kjærleik?

Leve hemmeleg er ikkje ei forteljing, men mange forteljingar. Ei historie handlar om ein ung gut som er blitt forlaten av faren. Ei anna om ei kvinne som har forlate ektemannen, men som angrar på valet ho tok. Det handlar om eit eldre ektepar som snakkar om livet dei har levd og kva dei har framføre seg. Om ei jente som vil bli sett, samstundes som ho vil leve hemmeleg. Om tre menneske som snakkar om meininga politikken har for det einskilde mennesket og fellesskapen.

Trine Wiggen har regien på *Leve hemmeleg* som er stykke henta frå ein serie Jon Fosse har kalla *Kortare stykke*. Nokre har vore framførte tidlegare, andre har aldri vore spelt.

– Eg synest det er noko fritt i denne teksten som gjer at eg les dei andre stykka annleis. Det er ikkje nokon indre samanheng og dei femner vidt tematisk. Det er ikkje ei historie der det eine følgjer naturleg av det andre, seier Trine Wiggen. Vi må forsøke å forløyse den musikalske samanhengen mellom stykka og skape ei samanhengande scenisk forteljing, seier Wiggen.

På nettsida til Det Norske Teatret finn du eit intervju Trine Wiggen har gjort med Jon Fosse i Grotten knytt til framsyninga *Draum om hausten* (2016) på Det Norske Teatret.

Regissør Trine Wiggen sette opp Fosses *Draum om hausten* på Hovudscenen på Det Norske Teatret hausten 2016. Ho spelte tittelrolla i *Fedra* i Jon Fosses gjendikting i svenske Riks Dramas versjon frå 2006. Ho har dramatisert og sett opp romanen *Stengd gitar* under tittelen *Liv*, som også blei produsert i Radioteatret, NRK og DR, Danmarks Radio. I 1995 spelt ho den kvinnelege hovudrolla i uroppføringa av *Namnet* på Den Nationale Scene i Bergen.

Klar for å oppleve Fosse sine tekstar på fleire språk? Les meir om gjestespela på neste side!





KANT (FRANKRIKE)

Gjestespel frå Ex Voto à la lune

10. og 11. september
Scene 2

Kristoffer er åtte år, og om kvelden ligg han og skal lese Donald, men tenkjer og tenkjer på verdsrommet. Er det ein kant ein stad der ute, der verdsrommet sluttar - og kva er utanfor den? I rommet ved sida av Kristoffer, med døra på gløtt, sit faren og les i ei bok av Kant. Han må stadig inn til guten sin og svare på spørsmåla hans, og det blir klart at ingen av oss kan forstå alt - ikkje Kristoffer, ikkje far hans, og ikkje filosofen Kant.

Med: Régis Royer ou Guillaume Hincky

Regi, konsept og scenografi: Emilie Anna Maillet

Videodesign: Maxime Lethelier

Musikk: Dayan Korolic

Lysdesign og prosjektleiar: Laurent Beucher

Scenemeister og lyddesign: Jean-François Domingues

Construction & stage: Simon Maurice


3D-grafiskdesign: Adrien Gentil, Joseph Sajous,

Raphaël de Paris, Théo Rambur

Assistant Director: Lea Carton de Grammont et

Clarisse Sellie

Varighet: 1 time



OG SÅ KAN HUNDEN KOMME

Gjestespel frå Västanå teater i samarbeid med Epo Art AS

11. og 12. september
Scene 3

Dette er forteljinga om kjærleiken mellom ein mann og bikkja hans, om blodhemn og den rastlause ventinga.

«Skote hunden, seier eg. Og eg ser ho stå og sjå ned. Hunden kan ikkje vere drepen, det går ikkje an å drepe hundar. Ho seier at hunden er skoten. Nokon har drepe hunden. Han har skote hunden og han skal døy. I kveld skal han døy.»

Jon Fosse har sjølv sagt dette om hunden som motiv: «Eg trur at hunden har noko med språklaus forståing å gjere, og eg prøver vel kanskje å nærme meg, å skrive fram, ei slags språklaus forståing for eksempel i pausane i stykka. Når dette er sagt, høyrst det litt feil ut. Eg trur vi må vere opptatt av noko, vente på noko, på Hunden, på Gud, på Kjærasten, på Godot.» *Og så kan hunden komme* er frå boka *To Forteljingar*.

Med: Paul Ottar Haga

Regi: Leif Stinnerbom

Scenograf: Lars Jacob Jakobsson

Kostyme: Inger Stinnerbom

Musikk: Magnus Stinnerbom

Musikar: Daniel Sandén-Warg (fele)

Varighet: 1 time



DRAUM OM HAUSTEN (RUSSLAND)

Gjestespel frå Teatr Im Lensoveta

11. og 12. september
Hovudscenen

Ein mann og ei kvinne møtest tilsynelatande tilfeldig på ein gravplass. Dei kjenner kvarandre frå før, og har alltid vore tiltrekt av kvarandre. Åra går nesten umerkeleg. Han forlet kone og barn, mistar kontakten med foreldra og sonen sin. Kanskje fordi han ville. Kanskje fordi det berre blei slik. Alt har skjedd, og ingenting har skjedd. Alt er ein leik, og alt er eit alvor.

I tolkinga til regissør Juri Butusov blir tilskodarane førde inn i ei mørk, sirkusinspirert draumeverd. Butusov gjekk ut frå Det Statlege Teaterakademiet i St.Petersburg i 1996, og blei lagt merke til allereie for avgangsframsyninga si, *Mens vi venter på Godot*, av Samuel Beckett. Sidan har Butusov vore ei stadig stigande stjerne på den russiske teaterhimmelen, og han har opparbeidd seg ry som ein rock'n roll-regissør som komponerer sterke sceniske bilde, gjerne kombinert med klassisk tekst og nesten alltid med rockemusikk.

Framsyninga hadde premiere på Lensovjet-teateret i St. Petersburg.

Regissør: Jurij Butusov
Skodespelarar: O.Muravitskaya, L.Pitshelauri,
V.Kulik, S.Volkov

Varigheit: 2 timar



NOKON KJEM TIL Å KOME (JAPAN)

Gjestespel frå Chiten

14. og 15. september
Scene 3

Han og Ho som flyttar til eit gammalt hus ved havet for å vere åleine saman. Men den tosame einsemda blir uroa av Mannen som tidlegare eigde huset.

Nokon kjem til å kome er eit av dei mest kjende og mest spelte stykka av Fosse. Under Den internasjonale Fossefestivalen kjem teaterkompaniet Chiten frå Kyoto i Japan på gjestespel med stykket. Kompaniet er leidd av regissør Motoi Miura som har sett i scene fleire stykke av Fosse.

Av Jon Fosse
Omsetjing: Jun Kawai
Regissør: Motoi Miura


Med: Akiko Abe, Daisuke Ishida, Koji Ogawara, Koji Kubota, Fumi Kobayashi og Yohei Tanaka Yui

Kunst: Sugiyama Daigaku
Atsuko Kiyokawa
Lys: Yasuhiro Fujiwara
Lyd: Toshihiro Dooka
Scenografi: Oshika Nobuaki
Produksjon: Kajima Tajima

Varigheit: 1 time

FOSSE PÅ NYNORSKENS HUS

Les meir og kjøp billetter på www.nynorskenshus.no



**NYNORSKENS
HUS**

MORGON OG KVELD

11. til 14. september på Nynorskens hus
Gjestespel Hordaland Teater
Regissør: Terje Skonseng Naudeer



**NYNORSKENS
HUS**

VI ER VERDA

15. september på Nynorskens hus
Urframføring ved Det Norske Jentekor og
Den mangfoldige scenen
Dirigent: Anne Karin Sundal-Ask
Koreografi: Erlend Samnøen



**NYNORSKENS
HUS**

NOKON KJEM TIL Å KOMME

10. september på Nynorskens hus
Gjestespel frå Västana Teater
Regissør: Leif Stinnerbom



**NYNORSKENS
HUS**

MINUTT TIL SOLNEDGANG

15. september på Nynorskens hus
Produsert av Den mangfoldige scenen i samarbeid
med Texture and Movement
Koreograf: Edwin A. Cabascango



Foto: Samlaget

SEPTOLOGIEN I SEPTEMBER

– første bok i storverk frå Jon Fosse

Kunstmålararen Asle bur åleine på Dylgja nord for Bjørgvin. Han har stort sett berre kontakt med grannen Åsleik, ungkar og fiskarbond. I Bjørgvin bur ein annan Asle, også han er kunstmålar. Dei to Aslane er venner og på eit vis dobbelt-gjengarar, to versjonar av det same livet.

Medan eg-forteljaren førebur juleutstilling på Galleri Beyer i Bjørgvin, finn han vennen Asle liggjande i snøen. Han har kollapsa av alkoholmisbruk og blir lagd inn på sjukehus. Asle uroar seg for vennen som er innlagd, han tek seg av hunden hans og køyrer fram og tilbake til Bjørgvin på snølagde vegar. Det er adventstid. Kvart år reiser Åsleik med sjarken for å feire jul med søstera si. Asle blir alltid invitert med, men takkar alltid nei. Denne jula vil Asle for første gong bli med på julefeiring hos søstera.

Livet til dei to Aslane blir fortalt både gjennom tilbakeblikk og gjennom ei notidshistorie. I dette første bandet av Septologien handlar tilbakeblikka om barndommen. Det handlar om Asle og søstera, fjorden og alle farar, men også om ein nabogut som blei borte på sjøen.

Septologien er ei suggererande og storslått forteljing om kva kunst er, om Gud, alkoholisme, vennskap og tida som går. Det handlar om døden, men også om kva det vil seie å vere i livet, om varmen frå ein hund, gleda ved bilkøyring i snø og kor godt det kan smake med egg og flesk.


Første del av romanverket blir lansert på Det Norske Teatret 6. september, og får også ei internasjonal lansering under bokmessa i Frankfurt 16. oktober.



Ikkje berre dramatikar

Fosse er i dag mest kjend som dramatikar, men han har heile tida skrive litteratur i andre sjangrar òg, både lyrikk og prosa. Gode eksempel på dette er romanane *Melancholia I*, *Melancholia II*, *Morgon og kveld* og *Andvake* og diktsamlingane *Hund og engel*, *Nye dikt* og *Auge i vind*.

I 2013 var Fosse på bestseljarlistene med diktsamlinga *Stein til stein*. I 2014 kom han med forteljinga *Kveldsvævd*. Med den boka avslutta han den kritikarroste kjærleikstrilogien som starta med *Andvake* (2007) og *Olavs draumar* (2012), ein trilogi han fekk Nordisk råds litteraturpris for i 2015. 6. september i år kjem første band i romanserien *Septologien*, med tittelen *Det andre namnet* ut på Samlaget.



Første Fosse-stykke med premiere

Og aldri skal vi skiljast var det aller første Fosse-stykket som blei spelt på ei scene.

Det skjedde på Den Nationale Scene i Bergen i 1994 med Kai Johnsen som regissør. Etter openberringa med *Nokon kjem til å kome* skreiv Fosse i eit rasande tempo og fekk raskt innpass på dei sentrale scenene her i landet.

Ei openberring å skrive dramatik

Fosse har omtalt det å skrive dramatik for første gong som «den største openberringa i mitt forfattarliv». Det aller første stykket han skreiv, var *Nokon kjem til å kome*.

Fosse har skildra det slik: «Noko nytt hadde opna seg for meg, i alt sitt velde. Noko eg hadde prøvd å skrive fram i prosaen og i dikta, det var så mykje enklare å skrive fram som replikk, pause, som nærleik og fråstand mellom menneske i ein situasjon, og med den store togna rundt.»



Poesikonsert 17. og 18. september

Jon Fosse kjem frå Strandebarn i Hardanger og er sambygding med skodespelar Hildegun Riise. Ho har vore tilsett på Det Norske Teatret sidan 1986 og har mellom anna utmerkt seg i stykke av Jon Fosse. 17. og 18. september er ho aktuell på Det Norske Teatret med poesikonserten *Blått svev*, ein poesikveld der ho les dikt av Jon Fosse til nykomponert musikk av Benedicte Maurseth og Stein Urheim.

Om utvalet av dikt seier Hildegun Riise:

«Det har vore vanskeleg å skulle gjere eit utval blant alle dei sterke dikta i denne særeigne og sterke forfattarskapen. Eg har valt dikt som lenge har vore som skattar for meg, men òg tekstar som har festa seg i meg gjennom dette arbeidet, dikt som er fylte med kjærleik og lys, einsemd, død og trøyst. Med andre ord dikt som set ord på noko djupt universelt og menneskeleg.»



GJESTESPEL

KANT (FRANKRIKE)

10. OG 11. SEPTEMBER PÅ SCENE 2
GJESTESPEL FRÅ EX VOTO À LA LUNE
REGI, KONSEPT OG SCENOGRAFI: EMILIE ANNA MAILLET

DRAUM OM HAUSTEN (RUSSLAND)

11. OG 12. SEPTEMBER PÅ HOVUDSCENEN
GJESTESPEL FRÅ TEATR IM LENSOVETA
REGI JURIJ BUTUSOV

OG SÅ KAN HUNDEN KOMME (SVERIGE)

11. OG 12. SEPTEMBER PÅ SCENE 3
VÅSTANÅ TEATER I SAMARBEID MED EPO ART AS
REGI: LEIF STINNERBOM

NOKON KJEM TIL Å KOME (JAPAN)


14. OG 15. SEPTEMBER PÅ SCENE 3
GJESTESPEL FRÅ CHITEN
REGI: MOTOI MIURA

PREMIERAR

TRIOGIEN REGI: LUK PERCEVAL
(PREMIERE 6. SEPTEMBER PÅ HOVUDSCENEN)

NOKON KJEM TIL Å KOME REGI: KAI JOHNSEN
(PREMIERE 7. SEPTEMBER PÅ SCENE 2)

LEVE HEMMELEG REGI: TRINE WIGGEN
(PREMIERE 8. SEPTEMBER PÅ SCENE 3)



SIDEPGRAM: SAMTALAR OG SEMINAR

EIN SAMTALE MED LUK PERCEVAL 7. SEPTEMBER

FOSSE-KODEN 8. SEPTEMBER

MED: RUTH LILLEGRAVEN, MARTA NORHEIM, ANNE MARIT JACOBSEN OG KARIN HAUGEN

DEI GODE HJELPARANE 11. SEPTEMBER

MED: BERIT GULLBERG, HINRICH SCHMIDT-HENKEL, GINA WINJE OG CECILIE SEINSS

FOSSE I VERDA 12. SEPTEMBER

MED: KIA BERGLUND, JURI BUTUSOV, MOTOI MIURA OG THERESE BJØRNEBOE

KVA ELLER KYEN KJEM TIL Å KOME? 13. SEPTEMBER

MED: THOMAS OBERENDER, CHRISTIAN LOLLIKE, LAURENT CHÉTOUANE OG CARL MORTEN AMUNDSEN

EIN SAMTALE OM TRIOGIEN 14. SEPTEMBER

MED: KNUT HOEM, SOLRUN TOFT IVERSEN, TOM EGIL HVERVEN OG CECILIE SEINSS

FESTIVALEN ER ARRANGERT AV DET NORSKE TEATRET OG SAMLAGET I SAMARBEID MED COLOMBINE TEATERFÖRLAG.



DET NORSKE TEATRET
KRISTIAN IVS GATE 8, 0164 OSLO

BILLETTBESTILLING

KJØP BILLETT PÅ DETNORSKETEATRET.NO
ELLER PÅ TLF. 22 42 43 44

WWW.DETNORSKETEATRET.NO